

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Alver kommune, ordfører og revisor (KPMG)**

Kopi: Varamedlem, kommunedirektør, postmottak

**Innkalling til møte i kontrollutvalet i Alver kommune****Møtedato:** 12.12.2022, kl. 09:00 – ca. 12:00**Møtestad:** Formannskapssalen, Kommunehuset Frekhaug**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg	Tentativ tidsplan
80/22	Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet		09:00
81/22	Godkjenning av protokoll frå møtet 21.11.2022	1	
82/22	Meldingssaker a. Oversending av kopi. Svar på spørsmål om kommunedirektøren og kontrollutvalget, Alver kommune (med vedlegg) frå Statsforvaltaren og Distrikts- og kommunaldepartementet b. Timeoversikt granskingsutval til og med september 2022 c. Timeoversikt juridisk bistand i samband med intervju d. Endeleg timeramme granskingsoppdrag	2, 3, 4, 5 6 7 8	
83/22	Rapport: granskning av sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule, i Lindås kommune i 2019	9, 10	09:30

**Merk:** Alle innlegg må haldast frå talarstol i dette møtet. Møtet vert ikkje strøyma.*Det vert kun servert kaffi og frukt i møtet.*Ved forfall eller spørsmål til deltaking i møtet ta kontakt med kontrollutvalssekretariatet på e-post: [trude.bruket@regionnordhordland.no](mailto:trude.bruket@regionnordhordland.no) eller tlf.: 97 01 98 93.Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: [https://innsyn.sing.no/alver/innsyn\\_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&](https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&)

Med venleg helsing

Jimmy Pasali  
*Leiar i kontrollutvalet*Trude Bruket  
*Kontrollutvalssekretær*



# ALVER KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 12.12.2022

## INNHALDSLISTE

80/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet .....	1
81/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte .....	1
82/22 Meldingssaker .....	2
83/22 Rapport: gransking av sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i Lindås kommune i 2019 .....	3

## 80/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

### SAKSOPPLYSINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 12.12.2022 er godkjent.

## 81/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

*Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 21.11.2022*

### SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.11.22 er godkjent slik den ligg føre.



## 82/22 MELDINGSSAKER

- a) Oversending av kopi. Svar på spørsmål om kommunedirektøren og kontrollutvalget, Alver kommune (med vedlegg) frå Statsforvaltaren og Distrikts- og kommunaldepartementet
- b) Timeoversikt granskingsutval til og med september 2022
- c) Timeoversikt juridisk bistand i samband med intervju
- d) Endeleg timeramme granskingsoppdrag

### *Saksvedlegg:*

a)

- *Oversending\_kopi\_svar\_pa\_henvendelse\_kommunedirektøre\_og\_kontrollutvalget\_Alver\_kommune*
- *Svar\_på\_henvendelse\_om\_kommunedirektøren\_og\_kontrollutvalget\_Alver\_kommune*
- *Tilbakemelding\_Alver\_kommune\_Spørsm\_om\_lovligheten\_av\_ordning\_uttalerett\_kontrollutvalg*
- *Rettleiing\_spm\_om\_møte\_og\_talerett\_i\_Kontrollutval\_kommunedirektør*

b) *Timeoversikt granskingsutval til og med september*

c) *Timeoversikt juridisk bistand i samband med intervju\_gransking*

d) *Førespurnad og svar\_Timeomfang\_endeleg\_granskingsoppdrag*

---

## SAKSOPPLYSNINGAR

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



## 83/22 RAPPORT: GRANSKING AV SAKSHANDSAMINGA I TO PERSONALSAKER VED KNARVIK UNGDOMSSKULE I LINDÅS KOMMUNE I 2019

*Saksvedlegg:*

*Faktarapport Alver kommune*

*Juridisk rapport Alver kommune*

---

### SAKSOPPLYSNINGAR

Alver kontrollutval har fått oversendt faktarapport og juridisk rapport frå granskingsutvalet som har granska sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule, identifisert som sak 19/651 og 19/1999, i Lindås kommune i 2019.

Faktarapporten bør lesast før den juridiske rapporten.

Representantar frå granskingsutvalet vil leggje fram rapportane i møtet.

#### **Bakgrunnen for saka**

Granskingsutvalet har arbeidd etter mandat vedteke i sak 035/22 i Alver kommunestyre 07.04.2022, etter oversending og innstilling frå kontrollutvalet.

Vedtaket i sak 035/22 var:

*Kommunestyret løyver inntil 1 million kroner til gransking av sakene spelt inn i brev til Alver kontrollutval datert 11.04.2021.*

*Gjennomføring av granskninga inneber at kontrollutvalet er ansvarleg for heile granskingsprosessen, inkludert utforming av konkurransegrunnlag for offentleg innkjøp av granskingskompetanse.*

*Kommunestyret bed kommunedirektøren gi naudsynt innkjøpsteknisk og innkjøpsfagleg bistand til kontrollutvalssekretariatet i samband med gjennomføring av eit offentleg innkjøp av rett kompetanse for å gjennomføre granskninga.*

*Det vert lagt til grunn at granskninga ikkje kan gjennomførast av ein person åleine, men at eit granskingsutval.*

*Granskninga skal gjennomførast etter følgjande mandat:*

- 1. Granskingsutvalet skal granske sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule, identifisert som sak 19/651 og 19/1999, i Lindås kommune i 2019.*
- 2. Føremålet med granskninga er å kartlegge faktiske forhold for å vurdere om sakshandsaminga har vore i samsvar med lovpålagte krav og etiske retningslinjer. Vurderinga skal særskilt sjåast i lys av regelverket i opplæringslova, forvaltningslovgjevinga og arbeidsmiljølova, samt dei etiske retningslinjene for Lindås kommune på det gjeldande tidspunktet.*
- 3. Granskingsutvalet avgjer sjølv kven som bør gje forklaring.*
- 4. Granskingsutvalet sine møter og si informasjonshenting er ikkje open for ålmenta.*



*5. Granskinga skal så langt det passar gjennomførast i samsvar med Advokatforeningens anbefaling for private granskinger.*

*6. Dersom det oppstår spørsmål om utstrekninga av mandatet eller omfanget av granskinga under arbeidet skal granskingsutvalet konferere med kontrollutvalet. Granskingsutvalet er elles uavhengig i sitt arbeid.*

*7. Kontrollutvalet sitt sekretariat bistår granskingsutvalet med naudsynt administrativ støtte.*

*8. Granskingsutvalet sin rapport skal leverast kontrollutvalet i Alver kommune innan 01.11.2022.*

*9. Granskingsutvalet si godtgjersle vert dekkja av Alver kommune. Det same gjeld granskingsutvalet sine utgifter og andre utgifter i samband med granskinga, som assistanse frå kommunen sin leverandør av innkjøpskompetanse, kostnader til ekstra timar sekretariatsarbeid, eventuelle kostnader til bistand til partar som vert granska og eventuelle utgifter i samband med intervju og så vidare.*

### **Igangsetjing og gjennomføring av undersøking**

Etter gjennomføring av ein offentlig innkjøpsprosess vart eit granskingsutval frå Sands advokatfirma tildelt kontrakt for å gjennomføre den uavhengige granskinga (kontrollutvalssak 37/22).

Konkurransegrunnlaget vart vedteke i kontrollutvalet i sak 26/22.

Arbeidet til granskingsutvalet har føregått uavhengig av kontrollutvalet gjennom hausten 2022. Som mandatet sitt punkt 2 viser har føremålet med granskinga vore «å kartlegge faktiske forhold for å vurdere om sakshandsaminga har vore i samsvar med lovpålagte krav og etiske retningslinjer.» I denne saka er altså undersøking av fakta, og vurdering av dette opp mot relevant lovverk og retningslinjer, målet med oppdraget.

Granskingsutvalet har ikkje gjeve tilrådingar til administrasjonen i Alver kommune i rapporten, då dette ikkje var ein del av mandatet.

### **Kontrollutvalssekretariatet si rolle**

Sekretariatet har ikkje bistått granskingsutvalet frå Sands advokatkontor med administrativ støtte, anna enn å tilrettelegge litt med omsyn til logistikk kring nokre intervju og samtalar. Sekretariatet har koordinert noko ekstra juridisk bistand frå eit anna advokatfirma (CMS Kluge) til berørte partar som vart intervjuet i samband med gransking (jamfør punkt 9 i mandatet, og kontrollutvalssak 38/22).

Kontrollutvalssekretariatet har elles hatt naudsynt kontakt med granskingsutvalet for å gjere forsvarleg sakshandsaming til kontrollutvalsmøte i følgjande saker knytt til granskinga:

- 46/22 Stusorientering til kontrollutvalet (meldingssak)
- 56/22 Svar på spørsmål frå kontrollutvalet jf. Sak 46/22 (meldingssak)
- 57/22 Utvida tidsfrist og ramme – gransking
- 58/22 Avklaring rundt prosess og tidspunkt – framlegging av rapport gransking
- 83/22 (denne saka)

**Om kommunedirektøren sin uttalerett, jf. Kommuneloven § 23-5**

Kontrollutvalssekretariatet har bede advokatane i granskingsutvalet om ei juridisk vurdering av om korleis kontrollutvalet skal tolke kommuneloven § 23-5 andre setning i denne aktuelle saka: «I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

I svaret viser Sands til ein uttale frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå 2020 (TUDEP-2020-2919), som blant anna seier at «§ 23-5 andre setning må ses i sammenheng med det alminnelige prinsippet om at en sak skal være så godt opplyst som mulig før et vedtak treffes.» Det vert også vist til at paragrafen først og fremst er knytt til dei lovpålagde sakene for kontrollutvalet. I svaret frå Sands skriv dei også at «en granskingsrapport fra et uavhengig granskingsutvalg faller ikke innunder forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3, § 4 eller § 5, og saken gjelder heller ikke resultatet av kontrollutvalgets «arbeid».»

Konklusjonen av lovtolkinga er at kommunedirektøren i denne saka ikkje skal gje ein høyringsuttale, svara på spørsmål eller kunne ha munnleg innlegg i samband med framlegginga av rapporten.

**Sekretariatet si vurdering**

Granskingsutvalet har, gjennom sitt arbeid, ikkje laga tilrådingar til Alver kommune sin administrasjon, slik kontrollutvalet er vande med frå forvaltningsrevisjonar. Å laga tilrådingar låg ikkje inne i mandatet kontrollutvalet utforma. Dersom kontrollutvalet meiner at det, basert på informasjon som kjem fram i rapporten, bør vurderast å følgje opp granskingsrapporten med nye undersøkingar bør kontrollutvalet setje dette på sakskartet i seinare møte. Sekretariatet vurderer elles at kontrollutvalet kan la det vera opp til kommunestyret å vurdere om informasjon frå granskingsrapportane eventuelt kan gje grunnlag for oppfølgingsaker.

**Sekretariatet sin anbefaling**

Saka bør handsamast som ei orienteringssak i kontrollutvalet, og sendast frå kontrollutvalet til kommunestyret med framlegg om å ta informasjonen som kjem fram i granskingsrapportane til orientering.

---

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet tek informasjonen som kjem fram i «Faktarapport Alver kommune» og «Juridisk rapport Alver kommune» frå det uavhengige granskingsutvalet til orientering.

Kontrollutvalet sender rapportane over til kommunestyret til orientering.

**Framlegg til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret tek informasjonen som kjem fram i «Faktarapport Alver kommune» og «Juridisk rapport Alver kommune» frå det uavhengige granskingsutvalet til orientering.



# ALVER KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

- Møtedato: 21. november 2022 kl. 09:00 – 13.15
- Stad: Formannskapssalen, Frekhaug (Meland rådhus)
- Deltakarar: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Arild Tveranger (medlem) og Rolf Sandstad (medlem)
- Forfall: Margrethe Aven Storheim (medlem)
- Andre: Ordførar Sara Sekkingstad, Kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun (sak 72/22 og 74/22), Kommunalsjef, kommunalsjef økonomi, Janne Sund (sak 72/22 og 74/22)
- Revisor: Sindre R. Dueland, Forvaltningsrevisor, KPMG (i sakene 72/22, 73/22 og 74/22)
- Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

## INNHALDSLIS TE

69/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet .....	2
70/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte .....	2
71/22 Meldingssaker .....	2
72/22: Rapport: Forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune» .....	3
73/22: Prosjektplan: Forvaltningsrevisjon barnevern .....	5
74/22: Risiko- og vesentlegvurdering etterlevingskontroll .....	6
75/22: Revisjonstenester frå 2024 – oppstart innkjøpsprosess .....	6
76/22: Oppfølging av eignevaluering: saker/mandat og opplæring .....	7
77/22: Møteplan kontrollutvalet 2023 .....	8
78/22: Møteprotokollar frå politiske utval .....	9
79/22 Eventuelt .....	9



## 69/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 21.11.2022 er godkjent.

### BEHANDLING I MØTET

Nokre saker vert endra rekkefølge på i møtet på grunn av tilgjenge frå eksterne.

Samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 21.11.2022 er godkjent.

## 70/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 31.10.2022 er godkjent slik den ligg føre.

### BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 31.10.2022 er godkjent slik den ligg føre.

## 71/22 MELDINGSSAKER

- a. Eigarskapskontrollen «Generell eigarstyring» vert følgd opp med eigarskapsmelding
- b. Revisjonstenester 2023 – utløyning av opsjon på eitt år

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.





72/22: RAPPORT: FORVALTNINGSREVISJON «ØKONOMISTYRING I ALVER KOMMUNE»

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring - Alver kommune,» datert oktober 2022, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om:
  - a. å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
  - b. å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
  - c. å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
  - d. å gjennomgå rutine for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.
  - e. å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.
3. Kontrollutvalet ber om å få ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring i Alver kommune» og ber kommunedirektøren om å:
  - a. å innfør ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
  - b. å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
  - c. å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
  - d. å gjennomgå rutine for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.
  - e. å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.
2. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 73/22.

Forvaltningsrevisor Sindre R. Dueland frå KPMG presenterte forvaltningsrevisjonsrapporten.



Kommunedirektør, Ørjan Raknes Forthun gav ei kort orientering knytt til tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Ber om ein ny versjon av rapporten der kommunedirektøren sitt høyrings svar vart lagt til, samt ein fotnote som forklarar kva KVU, KS1 og KS2, som vist til i siste anbefaling, betyr.

Kontrollutvalet ynskjer at revisor legg fram revisjonsrapporten i kommunestyret, og at kontrollutvalsleiar kan gje ei innleiing til saka.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

## VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring - Alver kommune,» datert oktober 2022, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om:
  - a. å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
  - b. å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
  - c. å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
  - d. å gjennomgå rutineane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.
  - e. å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.
3. Kontrollutvalet ber om å få ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

### Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring i Alver kommune» og ber kommunedirektøren om å:
  - a. å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
  - b. å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
  - c. å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
  - d. å gjennomgå rutineane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.
  - e. å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.



2. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

## 73/22: PROSJEKTPLAN: FORVALTNINGSREVISJON BARNEVERN

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «Forvaltningsrevisjon av barnevernet» og godkjenner den slik den ligg føre frå KPMG, datert 8. februar 2022.
2. Prosjektplanen svarer ut kontrollutvalet si bestilling i sak 64/22, som i sin tur svara ut kommunestyret si bestilling til kontrollutvalet i sak 107/22.
3. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av september 2023.
4. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

### BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 76/22.

Forvaltningsrevisor Sindre R. Dueland frå KPMG presenterte prosjektplanen.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, men dateringa av planen var ved ei feiltaking frå sekretariatet sett til februar, og vart retta til november, som det står i planen.

### VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «Forvaltningsrevisjon av barnevernet» og godkjenner den slik den ligg føre frå KPMG, datert 8. november 2022.
2. Prosjektplanen svarer ut kontrollutvalet si bestilling i sak 64/22, som i sin tur svara ut kommunestyret si bestilling til kontrollutvalet i sak 107/22.
3. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av september 2023.
4. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.



## 74/22: RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING ETTERLEVINGSKONTROLL

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurderinga for forenkla etterlevingskontroll til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 72/22.

Forvaltningsrevisor Sindre R. Dueland orienterte om risiko- og vesentlegvurderinga for forenkla etterlevingskontroll på vegne av rekneskapsrevisor.

Kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun orienterte kort og svara på spørsmål knytt til overtid og overtidsbestemmelser, som vert tema for etterlevingskontrollen for 2022.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurderinga for forenkla etterlevingskontroll til orientering.

## 75/22: REVISJONSTENESTER FRÅ 2024 – OPPSTART INNKJØPSPROSESS

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet startar arbeidet med innkjøp av revisjonstenester til Alver kommune frå 2024, då dagens avtale går ut ved utgangen av 2023.
2. Kontrollutvalet sitt sekretariatet startar sakshandsaming av saka, herunder å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast av kontrollutvalet i seinare møte.
3. Alver kommune sin rammeavtale for bistand til gjennomføring av offentlege innkjøp vert nytta for mellom anna å sørge for at innkjøpsprosessen følg lov og reglar.
4. Alle kostnader knytt til gjennomføring av konkurranse/offentleg innkjøp skal dekkast av Alver kommune. Kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak som sørger for dette.
5. Prosessen med konkurranse/offentleg innkjøp må gjennomførast før kontrollutvalet kan gje innstilling til kommunestyret om val av revisor.

### Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret ber administrasjonen om å stille med naudsynt innkjøpsfagleg hjelp til kontrollutvalet i samband med gjennomføring av innkjøp av revisjonstenester til Alver kommune frå 2024.
2. Kontrollutvalet, med sekretariat, er ansvarlege for gjennomføringa av heile innkjøpsprosessen, som skal følgje reglar for offentlege innkjøp.



---

## BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalssekretær Trude Bruket orienterte i saka. Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

## VEDTAK

1. Kontrollutvalet startar arbeidet med innkjøp av revisjonstenester til Alver kommune frå 2024, då dagens avtale går ut ved utgangen av 2023.
2. Kontrollutvalet sitt sekretariat startar sakshandsaming av saka, herunder å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast av kontrollutvalet i seinare møte.
3. Alver kommune sin rammeavtale for bistand til gjennomføring av offentlege innkjøp vert nytta for mellom anna å sørge for at innkjøpsprosessen føl lovar og reglar.
4. Alle kostnader knytt til gjennomføring av konkurranse/offentleg innkjøp skal dekkast av Alver kommune. Kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak som sørger for dette.
5. Prosessen med konkurranse/offentleg innkjøp må gjennomførast før kontrollutvalet kan gje innstilling til kommunestyret om val av revisor.

### Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret ber administrasjonen om å stille med naudsynt innkjøpsfagleg hjelp til kontrollutvalet i samband med gjennomføring av innkjøp av revisjonstenester til Alver kommune frå 2024.
2. Kontrollutvalet, med sekretariat, er ansvarlege for gjennomføringa av heile innkjøpsprosessen, som skal følgje reglar for offentlege innkjøp.

---

## 76/22: OPPFØLGING AV EIGENEVALUERING: SAKER/MANDAT OG OPPLÆRING

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet vidare.

Leiar avgjer om, og korleis, evalueringsarbeidet eventuelt vert følgd opp vidare i samband med møte.

---

## BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 71/22.

Kontrollutvalet drøfta temaet saker, mandat og opplæring og erfaringar frå perioden.

Kontrollutvalsmedlemmene kom med nokre innspel til tema i høve opplæring for neste kontrollutval:

- Rettleiaren for handtering av innkomne saker.
- Forholdet til kommunestyret, og at det må styrkast.
- Overføring av informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har handsama denne perioden.



- Få opplæring raskt etter utvalet er sett – eit type «arbeidsmøte.»
- Habilitetsvurderingar, formalitetar, lukking av møte osv.
- Prosessar for revisjonsarbeid og kontrollutvalet sitt arbeid (formalitetar).
- Roller og rolleavklaring.
- At ordførar er med i opplæring for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ynskjer at det vert etablert eit tettare samarbeid mellom politiske leiing og kontrollutvalet.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

## VEDTAK

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet vidare.

Leiar avgjer om, og korleis, evalueringsarbeidet eventuelt vert følgd opp vidare i samband med møte.

---

## 77/22: MØTEPLAN KONTROLLUTVALET 2023

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 slik den ligg føre. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.

---

### BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 75/22.

Kontrollutvalet drøfta møteplan og datoar.

Følgande datoar vart vedteke: 21. februar, 25. april, 13. juni, 19. september og 14. november, med 12. desember som tentativ dato, om behov.

Kontrollutvalet endra vedtaksteksten i første setning i sekretariatet sitt framlegg til:

*Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 med følgande datoar: 21. februar, 25. april, 13. juni, 19. september og 14. november, med 12. desember som tentativ dato om behov.*

Framlegget til vedtak med denne endringa vart einstemmig vedteken.

---

## VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 med følgande datoar: 21. februar, 25. april, 13. juni, 19. september og 14. oktober, med 12. desember som tentativ dato om behov.

Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.



## 78/22: MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Ingen saker vart meldt.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 79/22 EVENTUELT

Harald Breivik stilte spørsmål til sak 65/22 frå førre møte, om kvifor det ikkje er samsvar mellom antal prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon og kor mange forvaltningsrevisjonar som vert gjort i perioden. Kontrollutvalssekretær viste til saksframlegget i saka, og at antal revisjonar i perioden heng saman med budsjett. Dersom fleire revisjonar skal gjennomførast må budsjettet aukast. Det er elles vanleg i mange kommunar at det står fleire prioriterte tema på plan for forvaltningsrevisjon enn det som kan gjennomførast i perioden.



REGION NORDHORDLAND IKS  
Kvassnesvegen 23  
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

## Oversending av kopi. Svar på spørsmål om kommunedirektøren og kontrollutvalget, Alver kommune

Vedlagt følger til orientering kopi av brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet av i dag, idet vi viser til tidlegare korrespondanse herfrå om same spørsmål.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Vedlegg:

- 1 Svar på henvendelse om kommunedirektøren og kontrollutvalget- Alver kommune.pdf
- 2 Tilbakemelding - Alver kommune - Spørsmål om lovligheten av ordning - møterett i kommunens kontrollutvalg
- 3 Rettleiing -Spørsmål om møte- og talerett i Kontrollutval\_ kommunedirektør

### Mottakerliste:

**Alver kontrollutval**

**v/REGION NORDHORDLAND IKS  
Alver kommune**

**Kvassnesvegen 23  
Postboks 4**

**5914 ISDALSTØ  
5906 FREKHAUG**



Håvard Romarheim  
Flatøyvegen 93  
5918 FREKHAUG

Deres ref

Vår ref  
22/5921-2

Dato  
23. november 2022

## Svar på henvendelse om kommunedirektøren og kontrollutvalget - Alver kommune

Kommunal- og distriktsdepartementet viser til brev 22. august 2022 hvor det bes om departementets vurdering av beslutning 6. juli 2022 fra Statsforvalteren i Vestland.

Saken gjelder spørsmålet om det er i strid med loven at kommunedirektøren i Alver kommune i praksis møter nærmest fast i møtene til kontrollutvalget i kommunen. Det anføres at dette ikke er i tråd med lovens ordning, jf. kommuneloven § 13-1 femte ledd.

### Om lovlighetskontroll

I henvendelsen til statsforvalteren 9. mai 2022 bes det om at statsforvalteren foretar en lovlighetskontroll av «en ordning i Alver kommune der kommunedirektøren møter fast i kommunens kontrollutvalg». Statsforvalteren har i brev 6. juli 2022 vurdert at det ikke foreligger særlige grunner til å gjennomføre en lovlighetskontroll på eget initiativ, jf. kommuneloven § 27-1 andre ledd.

Kommunal- og distriktsdepartementet viser til at det er opp til statsforvalterens frie skjønn å avgjøre om et vedtak skal lovlighetskontrolleres. Det følger av lovens forarbeider at statsforvalteren skal ha høy terskel for å ta opp vedtak til lovlighetskontroll på eget initiativ. Ordningen skal bare brukes unntaksvis, og er ment som en sikkerhetsventil. Det er flere momenter som er relevante i en slik vurdering, blant annet om det er stor usikkerhet knyttet til om vedtaket er gyldig, vedtakets karakter og hvor viktig saken er. Det skal normalt mye til for at departementet på eget initiativ skal lovlighetskontrollere vedtak som statsforvalteren ikke har funnet grunn til å gå inn i.

Kommunal- og distriktsdepartementet er enig i statsforvalterens vurdering av spørsmålet om det foreligger særlig grunn til å gjennomføre lovlighetskontroll. Vi vil samtidig tilføye at kommuneloven § 27-2 lister opp hva det kan gjennomføres lovlighetskontroll med. Dette er a) endelige vedtak som er truffet av et folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen, b) vedtak om et møte skal holdes for åpne eller lukkede dører, og c) vedtak som gjelder spørsmål om inhabilitet. I henhold til § 27-2 andre ledd kan det ikke gjennomføres lovlighetskontroll med andre prosessledende avgjørelser enn de som er omtalt i første ledd bokstav b og c.

Etter departementets vurdering er en invitasjon til kommunedirektøren om å delta på et møte ikke et endelig vedtak, men en prosessledende avgjørelse. Departementets vurdering er at det ligger utenfor kommuneloven kapittel 27 å gjennomføre en lovlighetskontroll med at kommunedirektøren ofte er til stede i kontrollutvalgets møter.

Dersom kommunedirektøren har deltatt i møter på lik linje med andre medlemmer i kontrollutvalget, og for eksempel i praksis har hatt en generell talerett eller vært til stede mens møtet har vært lukket, kan dette føre til at vedtak som kontrollutvalget har fattet i disse møtene kan være gjenstand for lovlighetskontroll, da det kan være spørsmål om vedtakene har blitt fattet på lovlig måte, jf. kommuneloven § 27-3 første ledd bokstav c). Det følger av kommuneloven § 27-1 hvem som kan kreve at departementet (statsforvalter) kontrollerer om et vedtak er lovlig.

#### **Departementets øvrige merknader**

Departementet gjør etter dette ikke en konkret vurdering av om praksisen i den aktuelle saken er innenfor eller utenfor lovens rammer. Vi vil likevel kommentere følgende på generelt grunnlag:

Kontrollutvalget skal kontrollere hele kommunens virksomhet, inkludert administrasjonen. Kommuneloven har derfor regler som skal sikre kontrollutvalgets uavhengighet av administrasjonen. Etter kommuneloven § 11-5 er utgangspunktet møteoffentlighet i alle møter i folkevalgte organer. Det er forskjell på å være til stede og det å ha møte- og talerett. Dette innebærer at i utgangspunktet kan kommunedirektøren som alle andre være tilhører til møtet uten rett til å ta ordet.

Kommuneloven er ikke til hinder for at andre enn organets medlemmer kan få adgang til å uttale seg i enkeltsaker. Folkevalgte organer kan for eksempel invitere sakkyndige eller andre som har interesser i en sak til et møte, og i den sammenhengen gi vedkommende mulighet til holde et innlegg. Personer som får tilbud om å uttale seg i et møte, kan likevel ikke delta i organets ordinære ordveksling på samme måte som organets medlemmer eller andre med lovfestet talerett. Når det gjelder forslagsrett, kan det ikke under noen omstendigheter gis til andre enn de som etter lov eller forskrift har eller kan få det.

Kommunal- og distriktsdepartementet viser videre til at god dialog mellom kontrollutvalg og kommunedirektør ofte vil være viktig for en effektiv egenkontroll. Kommunedirektør har informasjon som kontrollutvalget bør være orientert om, særlig om internkontrollen. Vi viser også til kommuneloven § 23-5 andre setning, som bestemmer at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saker som skal oversendes til kommunestyret.

Det kan etter dette være hensiktsmessig at kontrollutvalget inviterer kommunedirektøren til møter i kontrollutvalget, og i møtene gi kommunedirektøren anledning til å uttale seg og svare på spørsmål. Kommunedirektøren skal imidlertid ikke delta i organets ordinære ordveksling på samme måte som organets medlemmer. Det er bare medlemmene i kontrollutvalget, og ordfører, som har møte- og talerett i møtene.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Trond Liu Skaug  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Kopi: Statsforvalteren i Vestland



Håvard Romarheim  
Flatøyvegen 93  
5918 Frekhaug

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

## Svar på forespørsel om lovlighetskontroll, Alver kommune

Vi viser til brevet ditt 09.05.2022, jf. purring 30.06.2022, der du ber Statsforvaltaren vurdere organiseringen av kontrollutvalgsmøtene i Alver kommune. Vi beklager noe sen tilbakemelding.

### Beslutning

**Statsforvalteren i Vestland tar ikke saken opp til lovlighetskontroll.**

### Sakens bakgrunn

Kravet og bakgrunnen for saken forutsettes kjent, og gjengis bare kort i det følgende. Som det framgår av forespørselen din 09.05.2022, har du over tid registrert at kommunedirektør Ørjan Raknes Fortun møter i kontrollutvalgets møter, og at ordningen virker fast. Du ber derfor Statsforvalteren vurdere om ordningen er lovlig, jf. kommuneloven § 13-1 femte avsnitt.

### Våre merknader

Vi oppfatter brevet ditt som en forespørsel om å utføre lovlighetskontroll på eget initiativ, jf. kommuneloven kap. 27. Slik kontroll utføres bare dersom «særlige grunner tilsier det», jf. § 27-1 andre avsnitt, og det er forutsatt i rundskriv H-2299 at myndigheten bør brukes med varsomhet.

Statsforvalteren har tidligere veiledet om spørsmålet på generelt grunnlag. Vi viser til veiledningen, jf. vedlagt kopi av e-post 16.03.2022, og som vi mener er dekkende. Vi oppsummerer:

Kommuneloven § 13-1 fastsetter at kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale folkevalgte organer, med unntak av kontrollutvalget. Bakgrunnen for denne regelen er kontrollutvalgets uavhengige stilling, og kontrollutvalgets oppgaver med tilsyn og kontroll av den kommunale administrasjonen.

Bestemmelsen i kommuneloven § 13-1 er ikke til hinder for at kontrollutvalget selv ber om uttalelser eller orienteringer fra kommunedirektøren. Det er heller ikke noe til hinder for at slike underretninger gis i forbindelse med utvalgets møter. Nærmere veiledning for hvordan dette kan



gjennomføres er blant annet gitt i «Kontrollutvalgsboka» (2021) fra Kommunal- og distriktsdepartementet, se side 31-33.<sup>1</sup>

Kommunedirektøren har i e-post 16.05.2022, på eget initiativ, forklart at han møter i kontrollutvalget etter invitasjon fra utvalget, v/ kontrollutvalgets sekretariat på vegne av utvalgsleder. Vi tar dette til orientering.

Vi har vurdert forespørselen din, men tar ikke saken opp til etter kommuneloven kapittel 27. Vi foretar da heller ingen nærmere tolkning eller vurdering av ordningen i Alver kommune. Vi har lagt vekt på at det er en høy terskel for å utføre statlig kontroll på eget initiativ, og at det er kommunen v/kommunestyret og kontrollutvalget selv som tar stilling til hvordan møtene skal organiseres.

Statsforvalteren har tillit til at kommunen er oppmerksom på regelen i kommuneloven § 13-1, og generelt har gode rutiner for samspill og dialog mellom kontrollutvalg og kommunal administrasjon, innenfor lovens rammer.

Statsforvalteren gjennomfører ikke lovlighetskontroll på eget initiativ i denne saken, jf. kommuneloven § 27-1 andre avsnitt. Det er ikke klagerett på denne beslutningen.

Alver kontrollutval underrettes om beslutningen ved kopi av dette brevet, sammen med Alver kommune.

Med hilsen

Anne Kristin Kayser Eitungjerde  
seksjonsleder

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Rettleiing -Spørsmål om møte- og talerett i Kontrollutval\_ kommunedirektør

Kopi til:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kontrollutval	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
v/REGION NORDHORDLAND IKS			

---

<sup>1</sup> [Kontrollutvalgsboka - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

**Fra:** Nordheim, Arnt Erik  
**Sendt:** 16.03.2022 09.16  
**Til:** HROMAR@online.no  
**Emne:** VS: Spørsmål om møte- og talerett i Kontrollutval, kommunedirektør

---

**Frå:** Nordheim, Arnt Erik  
**Send:** onsdag 16. mars 2022 10:15  
**Til:** HROMAR@online.no  
**Emne:** Spørsmål om møte- og talerett i Kontrollutval, kommunedirektør

*Vi viser til telefonsamtale i dag, som gjald spørsmål om kontrollutval. Konkret var spørsmålet om ein kommunedirektør har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møte. Statsforvaltaren si rolle er å rettleie om regelverket etter kommunelova, jf. forvaltningslova § 11. Vi strekar under at vi med dette ikkje har meint å ta stilling til konkrete saker, og at vi heller ikkje kjenner dei konkrete omstenda som spørsmålet måtte ha bakgrunn i. Følgjande tilbakemelding er gitt på generelt grunnlag:*

Kommunedirektøren sine oppgaver [følgjer av kommunelova § 13-1](#). I det fjerde avsnittet heiter det (vår understreking):

Kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer, med unntak av kontrollutvalget. Kommunedirektøren kan la en av sine underordnede utøve denne retten på sine vegne

Unntak frå møte- og taleretten i kontrollutvalet, er grunngeve med at kontrollutvalet også skal føre tilsyn med kommunedirektøren si utføring av tenesta. Av same grunn skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av den kommunale administrasjonen.

Når dette er sagt, er det ikkje noko til hinder for at kontrollutvalet sjølv ber ein uttale, orientering eller liknande frå kommunedirektøren, som del av sitt løpande kontrollarbeid med sakene. I rettleiaren «[Kontrollutvalsboka](#)» er det lagt vekt på godt samarbeid mellom KU og den kommunale administrasjonen, og gitt fleire døme på korleis dette kan gjerast. Sjå eventuelt handboka s. 31-33, som seier noko om dette. Rettleiaren finst også på regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalsboka/id2893214/>

Vi nemner samstundes at ein ordførar har møte- og talerett i KU, jf. kommunelova § 6-1.

Kontrollutvalsmøte er for ordens skuld også offentlege og til vanleg opne for publikum og tilhøyrarar, med mindre møtet vert lukka, jf. kommunelova § 11-5.

Vi vonar dette svarar på spørsmålet ditt, og kan vere til hjelp.

Med venleg helsing

**Arnt Erik Nordheim**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon 57 64 31 91  
:  
E-post: [fmsfaen@statsforvalteren.no](mailto:fmsfaen@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)